

SYKKYLVEN

Rådmannens årsmelding

År 2017



## INNHALD

Om årsmeldinga: .....	5
Om rekneskapen: .....	5
Punkt i årsmeldinga i samsvar med kommunelova § 48 nr 5:.....	5
Tilhøve som er viktige for å vurdere den økonomiske stillinga: .....	5
Netto driftsresultat dei seinare åra: .....	5
Akkumulert under-/overskot: .....	6
Likviditet: .....	7
Utvikling i lånegjeld i høve driftsinntekter: .....	7
Netto lånegjeld: .....	8
Likestilling og diskriminering:.....	9
Iverksette tiltak for å sikre betryggande kontroll og høg etisk standard:.....	9
Eigedomsskatt .....	10
Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap .....	10
Internbudsjett og –rekneskap.....	24



Om årsmeldinga:

Etter kommunelova § 48 skal rådmannen legge fram årsmelding.

Årsmeldinga skal etter Forskrift om årsrekneskap og årsmelding (for kommunar og fylkeskommunar) § 10 3. ledd fremjast utan utgrunna opphald og innan 31. mars.

I § 48 nr 5 er det lista opp nokre punkt som årsmeldinga skal omtale.

I tillegg har Institutt for god kommunal rekneskapsskikk 22. januar 2018 fastsett standard for notar og årsmelding.

Denne årsmeldinga er meint å stette krava både i kommunelova og i standarden.

Om rekneskapen:

Kommunen fører rekneskapen sin etter eit finansielt orientert rekneskapssystem i tråd med forskrifter nedfelt i medhald av kommunelova. Kommunerekneskapen er arbeidskapitalorientert ettersom drifts- og investeringsrekneskapane viser all tilgang på og all bruk av midlar.

Arbeidskapitalen er lik differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld. Dette medfører at kommunerekneskapen seier noko om kommunen si evne til å dekke betalingsforpliktelsane på kort og lang sikt.

Eit underskot i ein kommunerekneskap fortel dermed at kommunen har fått ein ikkje tilsikta reduksjon i arbeidskapitalens kortsiktige del. Eit overskot dermed at kommunen har fått ein ikkje tilsikta auke i arbeidskapitalens kortsiktige del.


Det er i ein kommunerekneskap ikkje noko målsetting å bokføre store overskot. Ein kommune skal yte tenester til innbygarane og ta sikte på ein sunn kommuneøkonomi. Fokus må heile tida vere på å produsere dei rette tenestene til innbygarane på ein mest mogleg rasjonell måte.

Punkt i årsmeldinga i samsvar med kommunelova § 48 nr 5:

Tilhøve som er viktige for å vurdere den økonomiske stillinga:

Netto driftsresultat dei seinare åra:

ÅR	NETTO DRIFTSRESULTAT
År 2006	21 059 454
År 2007	452 433
År 2008	-20 789 800
År 2009	-6 022 905
År 2010	-3 782 061
År 2011	869 770
År 2012	7 026
År 2013	-1 107 771
År 2014	-5 524 852
År 2015	41 045 359
År 2016	30 387 054
År 2017	10 755 640



Ofte når det er tale om over- eller underskot i ei verksemd som fører rekneskapen etter Norsk Standard, talar ein om Ordinært resultat.

Omgrepet Netto driftsresultat er det resultatomgrepet etter kommunal rekneskapsstandard som ligg nærast opp til Ordinært resultat (Over-/underskot) i ei verksemd som fører rekneskapen i samsvar med Norsk Standard (Resultatorientert rekneskap).

TBU (Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi) har rekna ut at ettersom alt kapitalslit ikkje vert ført som utgift i eit finansielt orientert rekneskap, treng kommunane over tid eit netto driftsresultat på 1,75 prosent av driftsinntektene. For år 2017 utgjorde netto driftsresultat 2,13 prosent av driftsinntektene. 0,38 prosent betre enn kravet.

#### Akkumulert under-/overskot:

Tabellen syner ikkje årsresultat men akkumulert (Oppsamla) underskot ved årsslutt kvart år

AKKUMULERT UNDERSKOT	RSK 2012	RSK 2013	RSK 2014	RSK 2015	RSK 2016	RSK 2017
Sum akkumulert underskot	37 591	43 430	50 260	19 579	0	0

#### Hovudårsaker til økonomiske utfordringar:

Rådmannen ser to hovudårsaker til Sykkylven kommunes økonomiske problem:

- Låge inntekter  
Iflg KMD, Kommuneøkonomiproposisjonen for året 2016, var korrigerte frie inntekter per innbyggjar (Inntekter korrigert for variasjonar i utgiftsbehovet i kommunane) inkl. eigedomsskatt og konsesjonskraft/heimfallsinntekter berre 92 prosent av landssnitt.
- Finansielle instrument  
Kommunens eksponering i finansielle instrument har fått ein effekt stikk motsett av det som var årsaka til at ein tok instrumenta i bruk.
- Endring i rammevilkåra. Sykkylven kommune får store kutt i rammeoverføringane grunna:
  - Sykkylven kommune er ein «friviljug» liten kommune

- Negativ demografiutvikling

Likviditet:

Akkumulert premieavvik som enno ikkje er belasta driftsrekneskapan legg eit stort press på likviditeten.

ÅR	FONDSMIDLAR	AKKUMULERT PREMIEAVVIK INKL ARBEIDSGIVARAVG	AKKUMULERT UNDERSKOT	SUM FOND, PREMIEAVVIK OG AKK. UNDERSKOT
År 2000	9 351 558	0	-3 978 353	5 373 206
År 2001	59 516 030	0	-2 652 353	56 863 677
År 2002	51 589 506	0	-13 413 421	38 176 085
År 2003	52 019 965	-7 372 614	-19 570 177	25 077 174
År 2004	60 700 444	-8 751 707	-20 479 057	31 469 680
År 2005	51 910 441	-10 571 723	-16 154 573	25 184 145
År 2006	47 711 432	-12 237 165	-7 065 635	28 408 632
År 2007	26 551 744	-18 304 082	0	8 247 662
År 2008	26 044 453	-30 548 998	-21 253 838	- 25 758 383
År 2009	21 218 349	- 26 885 443	-25 376 400	- 31 043 494
År 2010	22 446 537	- 34 759 912	- 31 674 206	- 43 987 581
År 2011	18 833 197	-46 156 381	-37 580 234	-64 903 418
År 2012	14 909 969	-41 159 827	-37 591 178	-63 841 036
År 2013	17 255 823	-34 471 068	-43 430 108	-60 645 353
År 2014	13 907 970	-40 353 844	-50 259 701	-76 705 575
År 2015	9 915 201	-41 538 544	-19 578 601	-51 201 944
År 2016	14 088 260	-44 162 287	0	-30 074 027
År 2017	11 150 171	-45 820 212	0	-34 670 041



Utvikling i lånegjeld i høve driftsinntekter:

	DRIFTSINTEKTER	LÅNEGJELD	LÅNEGJ I % AV DRIFTSINNT
År 2006	306 497 893	318 879 299	104,04 %
År 2007	332 231 610	334 247 608	100,61 %
År 2008	349 969 716	365 134 255	104,33 %
År 2009	375 707 388	393 903 268	104,84 %
År 2010	390 290 338	437 485 810	112,09 %
År 2011	425 384 633	484 431 861	113,88 %
År 2012	453 740 147	484 064 417	106,68 %
År 2013	471 521 229	484 267 433	102,70 %
År 2014	477 358 733	476 322 491	99,78 %
År 2015	493 812 052	465 804 979	94,33 %
År 2016	523 714 465	461 241 121	88,08 %
År 2017	533 761 611	542 532 527	101,65 %

Netto lånegjeld:

	ÅR 2017	ÅR 2016	ÅR 2015	ÅR 2014	ÅR 2013
Lånegjeld	542 532 527	461 241 121	465 804 979	476 322 491	484 267 433
Utlån til SE AS					-30 000 000
Utlån til Stfj. Terminal	-5 838 000	-5 838 000	-5 838 000	-5 238 000	
Utlån til andre	-6 540 722	-4 733 110	-5 798 985	-8 003 178	-10 758 879
Ubrukte lånemidler	-37 628 881	-6 691 921	-3 079 299	-8 940 012	-13 016 571
Netto lånegjeld	492 524 924	450 192 431	451 088 695	454 141 301	430 491 983

I år 2014 vart kr 30 000 000 i utlån til Sykkylven Energi AS gjort om til aksjar.





Likestilling og diskriminering:

Frå 2003 vart det innteke i kommunelova at ein i årsmeldinga skal gjere greie for likestilling.

- Personalpolitiske spørsmål skal vurderast i eit kjønnsperspektiv
- Ein skal kunne avdekkje om verksemda oppfyller lovkrav, peike på problem og ta opp problemstillingar som bør visast merksemd
- Ein skal kunne gir råd som kan fremje likestilling.

Det skal i denne samanhengen leggest fram:

- Ei systematisk framstilling av tilhøva som er relevante for å vurdere graden av likestilling mellom kvinner og menn
- Ei opplysning om igangsette og planlagde tiltak

Til dette kravet kan nemnast:

- I talet årsverk er fordelinga mellom kvinner og menn slik at stordelen av deltidsstillingar fell på kvinner.
- Kommunen har få menn i deltidsstillingar
- Dei er to kvinner av fire årsverk i toppleiinga
- På einingsleiarnivå er det 8 menn og 11 kvinner
- På lågare nivå (konsulent og sekretær) er det stor overvekt av kvinner
- Lønnsmessig er det liten skilnad på kvinner og menn innan dei respektive nivåa
- Ein opplever også i kommunen at det tradisjonelle kjønnsrollemønsteret går att:
  - Kvinner i omsorgs-, barnehage- og reinhaldaryrke
  - Kvinner overtek meir og meir i skuleverket
  - Kvinner er overrepresenterte i merkantile stillingar
  - Menn er overrepresenterte i tekniske stillingar.

Fordelinga mellom kvinner og menn tilsett i Sykkylven kommune kan målast på ulike måtar. Tek ein berre omsyn til fast tilsette arbeidstakarar og reknar om til årsverk er 80 % kvinner og 20 % menn.

Mest skeiv fordeling har ein i barnehagane (Berre kvinner, utanom ein) og i brann- og redningskorpset og teknisk uteseksjon (berre menn). Delen av menn i omsorgsyrka er også svært liten.

Ved rekruttering til stillingar opplever ein også ei tradisjonell søking. Kommunen har ikkje under elles like tilhøve valt kvinner ut frå eit likestillingsmessig omsyn.

Mange kvinner søkjer seg ofte ned frå 100 % stilling ut frå omsorgsbehov. Tendensen har likevel dei siste åra vore at fleire og fleire kvinner søkjer seg større stillingar. Dette gjeld i hovudsak innan pleie og omsorgsyrka.

Frå arbeidsgivarhald har ein prøvd å oppfylle likestillingsmessige omsyn så langt ein rår over dette. Når det gjeld lønn har ein prøvd å tilby like lønn for kvinner og menn på likt nivå.

Kommunen har ikkje i år 2017 sett i verk tiltak som ikkje var sett i verk i 2016.

Ein kan likevel nemne at ein har fokus på:

- Utviding av deltidsstillingar
- Velje kvinner der det under elles nokolunde like høve er mogleg.

Iverksette tiltak for å sikre betryggande kontroll og høg etisk standard:

Kommunen har eit avvikssystem og system for varsling. Innkjøpsreglement er vedteke og i samband

med overgang til nytt økonomisystem i år 2012 vart det lagt stor vekt på å sikre betryggande økonomisk internkontroll.

Overordna etiske retningsliner vart sist vedteke i kommunestyret 10. desember 2012. Rådmannen har fått attende rapportar om at desse retningslinene er gått gjennom med dei tilsette i einingane/avdelingane.

I samband med ny kommunestyreperiode 2015-2019 er retningslinene gått gjennom på nytt både politisk og administrativt.

Det er i år 2015 fastsett eit eige regelverk når det gjeld kontroll med leverandørar.

### Eigedomsskatt

Det vart i år 2015 innført eigedomsskatt på bustad- og fritidseigedomar, ved behandling av rekneskapen for 2016 i juni 2017 vart det vedteke å avskaffe eigedomsskatten frå 1. juli 2017. I samband med budsjettet for 2018 vart eigedomsskatt ført inn på nytt, med botnfrådrag kr 2 200 000.

### *Hendingar etter balansedagen med betinga utfall:*

Ingen kjende per dato.

### Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap

Frå standarden for notar og årsmelding:

Det skal redegjøres for vesentlige avvik mellom regnskapsført beløp og regulert budsjett for de enkelte linjene i regnskapsskjema 1A og B og 2A og B.

Standarden er ny – Frå 18. januar 2018. Vi har valt å vere heller detaljerte. Ut frå rekneskapsgjennomgangen i politiske organ vil vi ta stilling til detaljeringsgrad når vi legg fram rekneskapen for år 2018.

## Budsjett- og rekneskapskjema 1A:

		Rsk 2017	Bud 2017 Korrigert	Avvik i kr	Innt/forb i %
Skatt på inntekt og formue	1	182 001 755,47	180 972 000	-1 029 755	100,57 %
Ordinært rammetilskot	1	227 955 328,92	222 497 000	-5 458 329	102,45 %
Skatt på eigedom		5 780 461,62	5 783 000	2 538	99,96 %
Andre direkte eller indirekte skattar		263 106,00	120 000	-143 106	219,26 %
Andre generelle statstilskot	2	16 676 094,00	18 764 400	2 088 306	88,87 %
<b>Sum frie disponible inntekter</b>		<b>432 676 746,01</b>	<b>428 136 400</b>	<b>-4 540 346</b>	<b>101,06 %</b>
Renteinntekter og utbytte	3	14 540 951,16	15 547 000	1 006 049	93,53 %
Gevinst finansielle instrument (Omløpsmidlar)					
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	4	19 542 130,80	21 338 950	1 796 819	91,58 %
Tap finansielle instrument (Omløpsmidlar) - Reversering tidl. tap		-3 702 948,00	-3 703 000	-52	100,00 %
Avdrag på lån	5	14 195 485,00	13 989 050	-206 435	101,48 %
<b>Netto finansinntekter (-)/-utgifter</b>		<b>15 493 716,64</b>	<b>16 078 000</b>	<b>584 283</b>	<b>96,37 %</b>
Til dekning av tidl. års rekneskapsm. meirforbr.		0,00			
Til ubundne avsetningar	6	17 600 181,79	17 388 173	-212 009	101,22 %
Til bundne avsetningar	7	2 840 131,13		-2 840 131	
Bruk av tidl. års rekneskapsm. mindreforbruk		19 094 791,90	19 094 792	0	100,00 %
Bruk av ubundne avsetningar		1 874 852,40	1 835 000	-39 852	102,17 %
Bruk av bundne avsetningar	8	1 360 468,62	909 000	-451 469	149,67 %
<b>Netto avsetningar</b>		<b>-1 889 800,00</b>	<b>-4 450 619</b>	<b>-2 560 819</b>	<b>42,46 %</b>
Overført til investeringsrekneskap/-budsjett		0,00			
Til fordeling drift		419 072 829,37	416 509 019	-2 563 810	100,62 %
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)		408 317 189,22	416 509 019	8 191 830	98,03 %
<b>Mindreforbruk/Meirforbruk (-)</b>		<b><u>10 755 640,15</u></b>	<b><u>0</u></b>		

Kommentarar:

### Note 1 Skatt og rammetilskot

Skatt og rammetilskot syner eit positivt resultat på kr 6 488 084. Dette utgjør 1,61 prosent av det budsjetterte.

Det er særleg inntektutjamnande tilskot skatt som syner meirinngang. Sjølv om kommunen har hatt ein høgare auke i skatteinngang enn vårt budsjett og Finansdepartementets prognosar la opp til, har landet har hatt ein enno høgare auke i skatteinngang enn Sykkylven og dette vert kompensert.

### Note 2 Andre generelle statstilskot

Her har vi eit negativt resultat på kr 2 088 306. Dette utgjør 11,13 prosent. Det negative resultatet skulast i hovudsak svikt i kompensasjon for investeringar Buas, rentekompensasjon Sykkylven ungdomsskule og Sørestranda skule. Husbanken har sett rentekompensasjon lågare utetter året, grunna nedgang i Husbankrente.

### Note 3 Renteinntekter og utbytte

Renteinntekter og utbytte har eit negativt resultat på kr 1 006 093. 6,47 prosent av det budsjetterte.

Kommunen har rentebytteavtalar der Nordea betaler oss 3 mnd NIBOR-rente og vi betaler Nordea ei fast rente. Det har vore stor nedgang i 3 mnd NIBOR-rente og renteinntektene frå Nordea har ikkje blitt som lagt opp til i budsjettet. At vi har store ubrukte lånemidlar som står i bank har ikkje kompensert denne nedgangen.

Utbyttet frå Sykkylven Energi AS vart som budsjettet. Kr 11 000 000.

#### Note 4 Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter.

Renteutgifter har eit positivt resultat på kr 1 796 819. 8,42 prosent av det budsjetterte.

Nedgangen i 3 mnd NIBOR har medført mindre renteutgifter enn budsjettet.



NB. Om lag halvparten av nedgangen er tapt grunna auke i betaling til Nordea (Rentebytteavtalar).

#### Note 5 Avdrag på lån.

Avdrag på lån har eit negativt resultat på kr 206 435. 1,48 prosent av det budsjetterte.

Kommunen budsjetterer med kommunelovas absolutte minimumskrav til avdrag. Det er vanskeleg å justere låneavtalane til å vere heilt likt budsjettet avdrag. Vi har derfor alle år betalt noko meir enn lovas krav, for å vere på den sikre sida.

#### Note 7 Ubundne avsetningar

Det er avsett kr 212 009 meir til ubundne avsetningar (Disposisjonsfond) enn budsjettet.

Overskot tryggleiksalarmar kr 212 009 er iflg gammalt fullmaktsvedtak avsett til disposisjonsfond. Resultatet er ikkje kjent før rekneskapen vert avslutta i januar/februar året etter rekneskapsåret og det er ikkje lov å vedta budsjettendringar etter budsjettårets utgang.

#### Note 7 Bundne avsetningar

Det er avsett 2 840 131 til bundne fond. Ikkje noko av dette er budsjettet. Summen kjem frå innsparing einingane.

Mottekne øyremerka statstilskot seint på året er ikkje brukt fullt ut, og avsett til bunde fond.

#### Note 8 Bruk av bundne avsetningar

Det er brukt kr 451 469 meir enn budsjettet. Dette er 49,67 prosent meir enn budsjettet.

Dette er som oftest øymerka statstilskot motteke i året før rekneskapsåret som er teke til inntekt for tildelt formål.

## Budsjett- og rekneskapsskjema 1 B

		Rsk 2017	Bud 2017 Korrigert	Avvik i kr	Innt/forb i %
TIL FORDELING DRIFT frå skjema 1A		419 072 829,37	416 509 019	-2 563 810	100,62 %
<i>Driftsområde</i>					
Kommunestyret (Frå 2017 også kyrkje)		9 414 387,98	9 577 690	163 302	98,29 %
Finansiering		-20 185 862,70	-22 754 336	-2 568 473	88,71 %
Fellesadm. barnehage, styrka tilbod PPT i barnehagane	1	6 328 357,97	6 485 877	157 519	97,57 %
Vik barnehage	1	3 684 285,65	3 654 577	-29 709	100,81 %
Tandstad barnehage	1	3 470 905,46	3 518 937	48 032	98,64 %
Blakstad barnehage	1	3 080 232,42	3 107 887	27 655	99,11 %
Ullavik barnehage	1	5 563 489,73	5 687 009	123 519	97,83 %
Vikedalen barnehage	1	6 749 612,64	7 198 582	448 969	93,76 %
Private barnehagar	2	32 605 834,00	32 366 500	-239 334	100,74 %
<b>Barnehagesektoren samla</b>		<b>61 482 717,87</b>	<b>62 019 369</b>	<b>536 651</b>	<b>99,13 %</b>
Aure skule	3	14 901 628,00	15 295 505	393 877	97,42 %
Sørestranda skule	3	10 699 352,59	10 949 846	250 493	97,71 %
Tandstad skule	3	7 479 848,89	7 529 842	49 993	99,34 %
Ullavik skule	3	13 547 291,35	13 624 504	77 213	99,43 %
Vik skule	3	11 058 425,50	11 101 110	42 685	99,62 %
Ungdomsskule og vaksenopplæring	3	31 592 944,75	32 821 822	1 228 877	96,26 %
Felles for skulane, skuleskyss og refusjonar til private skular	3	6 061 857,51	7 204 344	1 142 486	84,14 %
<b>Grunnskulen samla</b>		<b>95 341 348,59</b>	<b>98 526 973</b>	<b>3 185 624</b>	<b>96,77 %</b>
Sykkylven bu- og aktivitetssenter	4	59 750 496,15	60 229 977	479 481	99,20 %
Heimeteneste distrikt	5	27 176 848,20	28 657 400	1 480 552	94,83 %
Barne- og familietenestene	6	40 999 844,32	43 484 541	2 484 697	94,29 %
Nav kommune	7	4 598 817,11	5 126 514	527 697	89,71 %
Samhandlingsreforma		1 432 497,56	1 622 867	190 369	88,27 %
Bu- og Rehabiliteringstenestene	8	32 044 498,27	34 561 773	2 517 275	92,72 %
<b>Helse og sosial samla</b>		<b>166 003 001,61</b>	<b>173 683 072</b>	<b>7 680 070</b>	<b>95,58 %</b>
Kultur (Også kyrkje tom opph. B 2017)	9	11 600 300,43	11 007 992	-592 308	105,38 %
Næring	10	724 451,54	987 000	262 548	73,40 %
Teknisk driftseining	11	52 813 265,75	52 112 261	-701 005	101,35 %
Kommuneleinga	12	12 913 283,16	12 799 807	-113 476	100,89 %
Fellestenestene inkl servicetorg	12	18 210 294,99	18 549 191	338 896	98,17 %
<b>NETTO DRIFTSRAMME ALLE RAMMEOMRÅDA</b>		<b><u>408 317 189,22</u></b>	<b><u>416 509 019</u></b>	<b>8 191 830</b>	<b>98,03 %</b>

### Kommentarar:

Samla syner einingsrekneskapane ei innsparing på kr 8 191 830, 1,97 prosent av budsjettet.

### Note 1 & 2 Barnehagane

Barnehagesektoren har eit positivt resultat på kr 536 651. Endringa i periodisering variabel lønn har redusert dette med kr 322 007. Innsparing er 0,87 prosent av budsjettet. Tek ein omsyn til avsetjing til og bruk av fondsmidlar er innsparinga 596 126. Netto inntektsføring av fond frå tidlegare år kr 59 475.

Barnehagane rapporterer at mindreforbruket skuldast høgare enn budsjetterte inntekter frå opphaldsbetaling og at ein har vore svært varsame med å ta inn vikarar for sjukmelde.

Meirutgifta vedkomande tilskot til private barnehagar skuldast ymse små korrigeringar. 0,74 prosent overskriding.

### Note 3 Grunnskulen

Grunnskulen har eit positivt resultat på kr 3 185 624. Endringa i periodisering variabel lønn har redusert dette med kr 455 637. Innsparinga utgjer 3,23 prosent av det budsjetterte forbruket. Tek ein omsyn til avsetning til og bruk av fondsmidlar er innsparinga 1 691 107. Netto avsetning til fond kr 1 494 517.

Skulane rapporterer at dei konsekvent gjennom året har halde att på utgiftene. Innsparinga vedkomande Fellesutgifter skulane syner kr 670 000 i innsparing skuleskyss. Tilskot til spesialundervisning private skular syner ei overskriding på kr 200 000.

### Note 4 Sykkylven Bu- og Aktivitetssenter

BUAS har positivt resultat på 479 481. Endringa i periodisering variabel lønn har redusert dette med kr 674 206. Innsparinga utgjer 0,8 prosent av det budsjetterte. Tek ein omsyn til avsetning til og bruk av fondsmidlar er innsparinga 495 256. Netto bruk av fond frå tidlegare år kr 15 776.

Mindreforbruket skuldast midlar som har stått på budsjettet for oppretting av ø-hjelp senger, frå april 2015. BUAS har halde desse midlane utanfor den generelle drifta.

### Note 5 Heimeteneste distrikt

Heimeteneste distrikt har eit positivt resultat på kr 1 480 552. Endringa i periodisering variabel lønn har redusert dette med kr 229 959. Innsparinga tilsvarer 5,17 prosent av det budsjetterte. Tek ein omsyn til avsetning til og bruk av fondsmidlar er innsparinga 1 293 056. Netto avsetning til fond kr 187 496.

Brukarstyrt personlig assistent(BPA). Her er det ikkje mulig å vite kor mange timar den enkelte brukar har brukt før året er omme. Ulike årsaker til at brukar ikkje har nyttiggjort seg dei timane dei har fått tildelt.

Har også eit mindreforbruk på dagsenter for eldre og personar med demens. Det skuldast tilskot frå helsedirektoratet, som ein ikkje har budsjettert med. Desse tilskota veit ein ikkje om ein får tildelt frå år til år.

Mindreforbruket skuldast også at ein har spart på vikarutgifter opp i mot vakante stillingar. Frå september 2017 har ein hatt fast tilsette i desse stillingane.

### Note 6 Barne- og familietenestene

Barne- og familietenestene har eit positivt resultat på kr 2 484 697. Endringa i periodisering variabel lønn har redusert dette med kr 118 851. Innsparinga tilsvarer 5,71 prosent av det budsjetterte. Tek ein omsyn til avsetning til og bruk av fondsmidlar er innsparinga 1 448 880. Netto avsetning til fond kr 1 035 819.

Årsak til mindreforbruk 2017 er i hovudsak vakant stilling ppt, lite eller ingen innleige av vikarar ved sjukefråvær i fleire av tenestene (vanskeleg å rekruttere kvalifiserte vikarar), samt auka tilskot flyktingtenesta og tilskot frå Helsedirektoratet til foreldrestøttande tiltak og psykisk helse (overført til 2018).

#### Note 7 NAV kommune

NAV kommune har eit positivt resultat på kr 527 967. Dette tilsvarer 10,29 prosent av det budsjetterte. Tek ein omsyn til avsetning til og bruk av fondsmidlar, vert det eit meirforbruk på kr 132 303. Netto avsetning til fond kr 660 270.

NAV hadde budsjettert med ein nedgang i sosialhjelp i 2017 grunna at vi fekk ei prosjektstilling til oppfølging av ungdom på sosialhjelp. Det tok mange månadar før vi såg effekt av stillinga. Først siste kvartal såg vi ein markant nedgang i sosialhjelpsutgiftene. Sjølv om vi innførte andre sparetiltak vart ikkje nedgangen for året samla stor nok til at vi klarte å kome heilt i mål ift budsjettet. Utgiftene til reisegodtgjerdse for den om var tilsett i prosjektstillinga vart og noko høgare enn budsjettert.

#### Note 8 Bu- og ReHabiliteringstenestene

Bu- og ReHabiliteringstenestene har eit positivt resultat på kr 2 517 275. Endringa i periodisering variabel lønn har redusert dette med kr 386 286. Innsparinga tilsvarer 7,28 prosent av det budsjetterte. Tek ein omsyn til avsetning til og bruk av fondsmidlar er innsparinga 1 932 274. Netto avsetning til fond kr 585 000.

Underforbruket skuldast:

- Auke i inntekt ressurskrevjande. Men talet er framleis usikkert, venter på uttale frå revisjonen. Per no fastsett etter beste estimat.
- Tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet som det ikkje var budsjettert med.
- Meirforbruk på støttekontakter og avlastning heimebuande.

#### Note 9 Kultur

Kultur har eit negativt resultat på kr 592 308. Meirforbruket er 5,38 prosent. Tek ein omsyn til avsetning til og bruk av fondsmidlar er meirforbruket kr 479 883. Netto bruk av fond kr 112 424.

Største avvik i rekneskapan for 2017 for Kultureininga gjeld Storhallen. Grunna ein teknisk feil i elektrisk anlegg, utført av Sykkylven Energi, fekk vi ei ekstrarekning på straum frå 2016 på vel kr. 250.000. Velledalen symjehall fekk store tekniske problem hausten 2017 og pumper og kondensator måtte skiftast for å unngå driftsstans, førte til ei meirutgift på kr. 94.000. Problema vart meldt inn i kontrollrapportane. Kulturskulen fekk ekstrautgift grunna oppseiing av ein tilsettingsavtale. Etterlønn på totalt kr. 75.000 utgjer avviket her.

#### Note 10 Næring

Næring har eit positivt resultat på kr 262 548. Dette tilsvarer 26,6 prosent av det budsjetterte. Tek ein omsyn til avsetning til og bruk av fondsmidlar er innsparinga 60 276. Det er netto avsett til fond kr 202 272.

Det er kome inn meir konsesjonsavgifter enn budsjettert. Meirinntekta er i samsvar med regelverket sett av til næringsfond.

#### Note 11 Teknisk

Teknisk har eit negativt resultat på kr 701 005. Endringa i periodisering variabel lønn har auka dette med kr 243 703. Meirforbruket utgjer 1,35 prosent av budsjettet. Tek ein omsyn til avsetning til og bruk av fondsmidlar er meirforbruket kr 645 813. Det er netto inntektsført av fond kr 55 193.

Størst meirforbruk for kommunale vegar med – 745 105. Budsjettprognosen per august antyda – 1,5



mill. Deretter vart mest mogleg vedlikehald stoppa.

Største mindreforbruk er veglys med kr 269 741.

#### Note 12 Sentrale styringsorgan

Sentrale styringsorgan (Kommuneleiing og fellestenestene) syner samla eit mindreforbruk på kr 225 420. Endringa i periodisering variabel lønn har redusert dette med kr 60 679 .Innsparinga tilsvarer 0,72 prosent av budsjettet. Tek ein omsyn til avsetting til og bruk av fondsmidlar er innsparinga 139 762. Det er netto avsett til fond kr 85 658.

Kommuneleiing syner ei overskriding på kr 197 122. Dette skuldast utbetalte erstatningar.

Fellestenestene:

Andre fellesutgifter hadde eit positivt resultat på kr 338 884.

## Budsjett og rekneskapsskjema 2 A

		Rsk 2017	Bud 2017 Korrigert	Avvik i kr	Innt/forbruk i %
Investering i anleggsmidler	1	75 317 874	126 561 285	51 243 411	59,51 %
Utlån og forskutteringar		2 097 593	1 846 000	-251 593	113,63 %
Kjøp av aksjar og andelar		2 869 256	2 869 268	13	100,00 %
Dekning av tidlegare års udekk				0	
Avdrag på lån	2	625 159		-625 159	
Avsetningar		5 467 425	5 153 500	-313 925	106,09 %
<b>Årets finansieringsbehov</b>		<b>86 377 306</b>	<b>136 430 053</b>	<b>50 052 747</b>	<b>63,31 %</b>
Finansiert slik:					
Bruk av lånemidler	3	65 170 399	99 303 485	34 133 086	65,63 %
Inntekter frå sal av anleggsmidler	4	6 194 401	4 558 250	-1 636 151	135,89 %
Tilskot til investeringar		246 000	250 000	4 000	98,40 %
Kompensasjon for meirverdiavgift	5	5 795 480	25 351 200	19 555 720	22,86 %
Mottekne avdrag på utlån, aksjesal og refusjonar	6	3 106 040	950 000	-2 156 040	326,95 %
Andre inntekter				0	
<b>Sum ekstern finansiering</b>		<b>80 512 320</b>	<b>130 412 935</b>	<b>49 900 615</b>	<b>61,74 %</b>
Overført frå driftsrekneskapen					
Bruk av avsetningar	7	5 864 987	6 017 118	152 131	97,47 %
<b>Sum finansiering</b>		<b>86 377 306</b>	<b>136 430 053</b>	<b>50 052 747</b>	<b>63,31 %</b>

Kommentarar:

### Note 1 Investering i anleggsmidler

Mindreforbruket kr 51 423 411 skuldast i hovudsak at overtakingssummen for anlegg VAR vart mykje lågare enn føreset. I tillegg er det ein del prosjekt med mindre framdrift enn føreset.

Sjå budsjett- og rekneskapsskjema 2B der detaljane framkjem.

### Note 2 Avdrag på lån

Dette er mottekne avdrag på formidlingslån (som oftast grunna at låntakar refinansierer låna sine), Dei mottekne avdraga er som ekstraordinære avdrag på lån kommunen har teke opp i Husbanken.

### Note 3 Bruk av lånemidler

Mindreforbruket kr 34 133 086 skuldast i hovudsak at overtakingssummen for anlegg VAR vart mykje lågare enn føreset. I tillegg er det ein del prosjekt med mindre framdrift enn føreset. Samanhang med note 1.

Sjå budsjett- og rekneskapsskjema 2B der detaljane framkjem.

Note 4 Inntekter frå sal av anleggsmidlar.

Rådmannen syner her til Note 4 til rekneskapen

Salssummane for anleggsmidlane medførte kr 2 043 911 meir i inntekt enn bokført verdi.

Note 5 Kompensasjon for meirverdiavgift

Mindreinntekta kr 19 555 720 skuldast i hovudsak at overtakingssummen for anlegg VAR vart mykje lågare enn føresett. I tillegg er det ein del prosjekt med mindre framdrift enn føresett.

Note 6 Mottekne avdrag på utlån, aksjesal og refusjonar.

Meirinntekta kr 2 156 040 skuldast at låntakar har gjort opp lånet (refinansiert). Det som ikkje er betalt attende til Husbanken er sett av til bunde fond.

Note 7 Bruk av avsettingar

Tidlegare avsettingar (ubunde kapitalfond) er nytta til eigenkapitalinnskot KLP og til finansiering av investeringar.

## Budsjett- og rekneskapsskjema 2B

		Rsk 2017	Bud 2017 Korrigert	Avvik i kr	Innt/forbruk i %
Til investering i anleggsmidler (sjå skjema 2 A)		75 317 874	126 561 285	51 243 411	59,51 %
<i>Investering i anleggsmidler</i>					
<i>Fellesinvesteringar og diverse</i>					
IKT- Trådløst nett		331 858	329 500	-2 358	100,72 %
IKT Investering oppstartsløying	1	39 892	920 500	880 608	4,33 %
Mobilt barnevern		226 642	225 000	-1 642	100,73 %
Kjøp av minibuss, ungdomsskolen		240 000	250 000	10 000	96,00 %
Ferdigstilling lys kyrkjegarden		100 000	100 000	0	100,00 %
Parkering Fausaskiftet		101 383	100 000	-1 383	101,38 %
Parkering Dravlausstølen		11 775	12 000	225	98,13 %
Berlihaugen, gangsti		192 165	100 000	-92 165	192,17 %
Skiløype Fjellsetra		57 398		-57 398	
Sal av eigedomar		250 843		-250 843	
Tap på utlån		254 481		-254 481	
<b>Sum fellesinvesteringar og diverse</b>		<b>1 806 436</b>	<b>2 037 000</b>	<b>230 564</b>	<b>88,68 %</b>
<i>Bygningar</i>					
Tilskot til anlegg kyrkjene		300 000	300 000	0	100,00 %
Brannstasjon	2	9 955 611	10 763 675	808 064	92,49 %
Pasientvarslingsanlegg	3	643 498	1 203 510	560 012	53,47 %
Kabling BUAS		552 859	687 500	134 641	80,42 %
Grønebygget, ventilasjon	4	1 898 026	2 750 000	851 974	69,02 %
Ny sentrumsskule	5	1 054 997	625 000	-429 997	168,80 %
Opprusting barnehagar		141 334	125 000	-16 334	113,07 %
Golv Velledalen grendahus		182 486	560 000	377 514	32,59 %
Jarnes skule, riving		1 591 056	1 875 000	283 944	84,86 %
Avløpsanlegg Velledalen grendahus	6	15 000	500 000	485 000	3,00 %
ENØK-tiltak Storhallen	7	5 312 923	4 529 500	-783 423	117,30 %
Kulturhuset, hovudsal med elektro	8		625 000	625 000	0,00 %
Sørestranda skule		68 756		-68 756	
Flytting av Naturhistorisk museum		73 750		-73 750	
<b>Sum bygningar</b>		<b>21 790 296</b>	<b>24 544 185</b>	<b>2 753 889</b>	<b>88,78 %</b>
<i>Tekniske anlegg</i>					
Meieridalen Del I	9	258 867	1 937 500	1 678 633	13,36 %
FV60, gang/sykkelveg Hjellegjerde-Aursnes	10	551 458	998 300	446 842	55,24 %
FV60, rundkøyning ved småbåthamna		150 424	248 300	97 876	60,58 %
Låneovertaking Sykkylven Energi AS (VA)	11	40 081 549	84 509 750	44 428 201	47,43 %
Kyrkjevegen, mindre tiltak		190 105	187 500	-2 605	101,39 %
Storgata til SE AS	12	193 357	3 750 000	3 556 643	5,16 %
Tynesvegen	13	420 247	3 750 000	3 329 753	11,21 %
Trafikktrygging		159 809	525 000	365 191	30,44 %
Overvassanlegg		1 380 186	1 500 000	119 814	92,01 %
Riving lagerbygg, kommunegarasje		73 750	73 750	0	100,00 %
Nysætervegen	14	3 663 704	2 500 000	-1 163 704	146,55 %
Utbygging breiband	15	1 465 202		-1 465 202	
Kjøp av utstyr teknisk	16	2 325 175		-2 325 175	
Nykartlegging		12 989		-12 989	

Bustadområde		6 750		-6 750	
Bil brannvernet	17	699 201		-699 201	
Flaum, hausten 2014		88 367		-88 367	
Sum tekniske anlegg		51 721 140	99 980 100	48 258 960	51,73 %
Sum fordelt på investering i anleggsmidler		<u>75 317 874</u>	<u>126 561 285</u>	<u>51 243 411</u>	<u>59,51 %</u>

Denne rapporten syner kostnader utan frådrag for refusjonar, tilskot og salsinntekter.

Kommentarar

#### Note 1 IKT-oppstartsløyving

Mindreforbruk kr 880 608.

Vi er blitt forsinka med anbud på nytt saksbehandlingsverktøy. Anbudsprosessen er i gang.

#### Note 2 Brannstasjon

Mindreforbruk kr 808 064. Brannstasjonen er teken i bruk. Endeleg byggerekeskap vert lagt fram i første halvår 2018.

#### Note 3 Pasientvarslingsanlegg

Mindreforbruk kr 560 012. Vi har gått inn i eit samarbeidsprosjekt med andre kommunar. Dette har redusert kostnaden, men auka tidsbruken. Prosjektet vert fullført i 2018.

#### Note 4 Grønebygget ventilasjon

Mindreforbruk kr 851 974

Anlegget ikkje ferdig. Det tilkjem utgifter i år 2018.

#### Note 5 Ny sentrumsskule

Meirforbruk kr 1 054 997.

Meirforbruket skuldast nok ikkje fullgod oversikt over kostnadene på budsjetteringstidspunktet.

#### Note 6 Avløpsanlegg Velledalen grendahus

Innsparing kr 485 000

Tingingar med grunneigarar er ikkje slutførte.

#### Note 7 Enøk-tiltak Storhallen

Meirforbruk kr 783 423.

Meirforbruket er gjort kjent for kommunestyret, og akseptert.

#### Note 8 Kulturhuset – hovudsal med elektro

Innsparing kr 625 000.

Anlegget er ikkje oppstarta.

#### Note 9 Meieridalen del I

Mindreforbruk kr 1 678 633.

Førte utgifter er knytt til pågåande prosjektering ved innleigde konsulentar.

#### Note 10 FV60 – Gang-/sykkelveg Hjellegjerde Aursnes

Meirforbruk kr 446 842.

For gang-sykkelvegen har planforslaget vore til offentleg ettersyn, men statens vegvesen lagt ned motsegn mot ei av dei fremja løysingane i planforslaget. Saka vert på nytt lagt fram for NU.

#### Note 11 Låneovertaking Sykkylven Energi AS (VAR)

Innsparing kr 44 428 201.

Overtakingssummen synte seg å bli mykje mindre enn det som opphavleg var lagt til grunn.

#### Note 12 Storgata til Sykkylven Energi AS

Innsparing kr 3 556 643

Førte utgifter er knytt til pågåande prosjektering ved innleigde konsulentar. Ekspropriasjonsprosess er lagt fram for kommunestyret.

#### Note 13 Tynesvegen

Innsparing kr 3 329 753

Førte utgifter er knytt til pågåande prosjektering ved innleigde konsulentar. Her har også vorte utført to grunnundersøkingar.

#### Note 14 Nysætervegen

Meirforbruk kr 1 163 704

Kr 800 000 av dette er betalt ved fond frå innbetalingar frå utbyggarar i Fjellsæterområdet.

#### Note 15 Breiband

Meirforbruk kr 1 446 502

Meirforbruket er fullt ut betalt ved tilskot frå Møre og Romsdal fylke. Vidareformidling av tilskot til Sykkylven Energi AS.

Note 16 Kjøp av utstyr teknisk

Meirforbruk kr 2 325 175.

Kr 968 015 av dette meirforbruket er finansiert ved sal av utstyr og anleggsmidlar teknisk etat ikkje lengre har trong for.

Anleggsmidlane var føresett kjøpt via driftsbudsjettet men er grunna regelverket flytta til investeringsbudsjettet.

Note 17 Bil brannvernet

Meirforbruk kr 699 201.

Kr 661 469 av dette er finansiert ved sal av bil brannvernet.

## Internbudsjett og –rekneskap

Det er ved fleire høve halde fram at eksternbudsjettet og eksternrekneskapen syner alt for aggregerte tal, at det er vanskeleg for politikarane å få noko «føling» med drifta då dei ikkje kan sjå kva einskildområda/einskildansvara kostar. For å bøte på dette legg vi inn i rådmannens årsmelding Internbudsjett og –rekneskap.

Internbudsjett og –rekneskap syner netto utgifter for kvart ansvar og sektor. Eksternbudsjett og –rekneskap flyttar avsetning til fond og bruk av fond til skjema 1A. Derfor vil netto utgifter i tabellane nedanfor skilje seg frå eksternbudsjett og –rekneskap som er synt i skjema 1B. Slik er det. Budsjett- og rekneskapsforskriftene har klare reglar for korleis eksternbudsjett og –rekneskap skal settast opp.

Ved framlegging av Økonomiplan 2019-2022 vil vi også legge fram internoversikt per ansvar.

R er rekneskap, KB er Korrigert Budsjett.

EININGAR OG ANSVAR	R 2017	KB 2017	AVVIK
<b>BARNEHAGANE</b>			
ADM BARNEHAGAR	1 056 247	918 405	-137 842 ●
STYRKA TILBOD FUNKSJONSHEMMA/MINORITETSSPRÅKLEGE	1 083 979	1 237 926	153 947 ●
SPESIALPEDAGOGISK BARNEHAGAR	4 135 257	4 329 546	194 289 ●
SUM FOR BARNEHAGEADMINISTRASJON	6 275 483	6 485 877	210 394 ●
VIK BARNEHAGE	3 677 686	3 654 577	-23 109 ●
TANDSTAD BARNEHAGE	3 470 905	3 518 937	48 032 ●
BLAKSTAD NATURBARNEHAGE	3 080 232	3 107 887	27 655 ●
ULLAVIK BARNEHAGE	5 563 490	5 687 009	123 519 ●
VIKEDALEN BARNEHAGE	6 749 613	7 198 582	448 969 ●
TRYGGHEIM BARNEHAGE	5 054 965	5 166 668	111 703 ●
KRIKANE BARNEHAGE	10 427 384	10 105 956	-321 428 ●
IKORNES BARNEHAGE	11 719 345	11 911 705	192 360 ●
VELLEDALEN NATURBARNEHAGE	5 404 140	5 182 171	-221 969 ●
SUM FOR PRIVATE BARNEHAGAR	32 605 834	32 366 500	-239 334 ●
<b>SUM BARNEHAGEADMINISTRASJON OG BARNEHAGAR</b>	<b>61 423 243</b>	<b>62 019 369</b>	<b>596 126 ●</b>



EININGAR OG ANSVAR	R 2017	KB 2017	AVVIK
<b>GRUNNSKULEN</b>			
AURE SKULE	14 324 446	14 554 462	230 016 ●
AURE SKULE SFO	-64 106	168 210	232 316 ●
ALTERNATIV OPPLÆRINGSARENA	641 288	572 833	-68 455 ●
SUM FOR AURE SKULE	14 901 628	15 295 505	393 877 ●
SØRESTRANDA SKULE	10 328 047	10 497 992	169 945 ●
SØRESTRANDA SKULE SFO	428 356	451 854	23 498 ●
SUM FOR SØRESTRANDA SKULE	10 756 403	10 949 846	193 443 ●
TANDSTAD SKULE	7 076 493	7 252 381	175 888 ●
TANDSTAD SKULE SFO	403 356	277 461	-125 895 ●
SUM FOR TANDSTAD SKULE	7 479 849	7 529 842	49 993 ●
ULLAVIK SKULE	12 699 877	12 727 617	27 740 ●
ULLAVIK SKULE SFO	882 649	896 887	14 238 ●
SUM FOR ULLAVIK SKULE	13 582 526	13 624 504	41 978 ●
VIK SKULE	10 643 893	10 866 256	222 363 ●
VIK SKULE SFO	330 716	234 854	-95 862 ●
SUM FOR VIK SKULE	10 974 609	11 101 110	126 501 ●
UNGDOMSSKULEN	28 244 912	27 773 549	-471 363 ●
VAKSENOPLÆRING	3 309 895	3 448 273	138 378 ●
UNDERVISNING FLYKTNINGAR	-47 339	0	47 339 ●
SUM FOR UNGDOMSSKULE OG VAKSENOPLÆRING	31 507 468	31 221 822	-285 646 ●
FELLESUTGIFTER SKULANE	-498 172	213 344	711 516 ●
SKULESKYSS	1 986 247	2 663 000	676 753 ●
KULTURNISTA	135 223	96 000	-39 223 ●
SPESIALUNDERVISNING ANDRE SKULAR	4 410 085	4 232 000	-178 085 ●
SUM FOR FELLESUTGIFTER SKULANE	6 033 383	7 204 344	1 170 961 ●
<b>SUM FOR GRUNNSKULEN</b>	<b>95 235 866</b>	<b>96 926 973</b>	<b>1 691 107 ●</b>

EININGAR OG ANSVAR	R 2017	KB 2017	AVVIK
<b>HELSE OG OMSORG</b>			
BUAS FELLESADM.	-1 956 259	-1 247 932	708 327 ●
BUAS KJØKKEN	1 323 181	1 970 884	647 703 ●
BUAS INSTITUSJON	19 151 767	17 000 376	-2 151 391 ●
SONE 1	12 898 559	14 088 453	1 189 894 ●
SONE 2	12 552 009	12 403 438	-148 571 ●
SONE 3	9 359 673	9 123 543	-236 130 ●
BUAS NATT	6 365 333	5 623 165	-742 168 ●
Ø-HJELP DØGNOPPHALD	40 458	1 268 050	1 227 592 ●
SUM FOR SYKKYLVEN BU- OG AKTIVITETSSENTER	59 734 721	60 229 977	495 256 ●
HEIMETENESTER	23 026 907	22 695 826	-331 081 ●
PERSONLEGE ASSISTENTAR	2 781 697	3 597 575	815 878 ●
OMSORGLØNN	772 012	775 309	3 297 ●
DAGSENTER FOR ELDTRE/DEMENTE	783 728	1 588 690	804 962 ●
SUM FOR HEIMETENESTE DISTRIKT	27 364 344	28 657 400	1 293 056 ●
ADM B/F TENESTENES	3 345 210	3 388 424	43 214 ●
PPT	3 013 479	3 858 659	845 180 ●
FLYKTINGKONTORET	2 410 948	2 223 125	-187 823 ●
ETABLERING FLYKTINGAR/INTRODUKSJONSORDNINGA	8 276 848	8 718 000	441 152 ●
LEGETENESTER	6 867 551	7 032 428	164 877 ●
HELSESTASJON	4 786 113	4 868 364	82 251 ●
JORDMOR	553 692	572 013	18 321 ●
FYSIOTERAPI	3 584 560	3 569 235	-15 325 ●
FRIVILLEGSENTRALEN	939 370	946 002	6 632 ●
BARNEVERN	8 201 283	8 337 698	136 415 ●
MOT-AKSJONEN	108 178	62 593	-45 585 ●
EDRUSKAPSVERN	-51 571	-92 000	-40 429 ●
SUM FOR BARNE- OG FAMILIETENESTENE	42 035 661	43 484 541	1 448 880 ●
ADM NAV KOMMUNE	2 114 721	2 069 514	-45 207 ●
PLIKTIG HJELP/BIDRAG	2 545 881	2 018 000	-527 881 ●
SKJØNMESSIGE BIDRAG	104 938	170 000	65 062 ●
KVALIFISERINGSPROGRAMMET	493 277	869 000	375 723 ●
SUM FOR NAV KOMMUNE	5 258 817	5 126 514	-132 303 ●
SAMHANDLINGSREFORMA, ADM.KOSTNADER	410 175	552 867	142 692 ●
FERDIGBEHANDLA PASIENTAR	252 923	500 000	247 077 ●
MEDFINANSIERING SOMATISKE TENESTER	0	20 000	20 000 ●
NØDNETT HELSE/LEGEVARSLINGSSENTRAL	769 400	550 000	-219 400 ●
SUM FOR SAMHANDLINGSREFORMA	1 432 498	1 622 867	190 369 ●
BU- OG REHABILITERINGSTENESTENE ADM	2 224 725	2 205 118	-19 607 ●
URA	19 629 289	19 105 461	-523 828 ●
KRIKANE	6 084 830	6 170 090	85 260 ●
KLOKKERHAUGEN	7 051 112	6 697 167	-353 945 ●
AVLASTINGSBUSTAD	446 186	924 036	477 850 ●
HAUGBUKTA DAGSENTER	2 386 720	2 614 685	227 965 ●
AVLASTING HEIMEBUANDE	749 964	616 367	-133 597 ●
STØTTEKONTAKTER	1 183 872	998 378	-185 494 ●
TILSKOT ASVO	1 171 470	1 030 000	-141 470 ●
PSYKISK HELSETEAM	3 041 331	4 047 471	1 006 140 ●
REFUSJON RESSURSKREVANDE BRUKARAR	-11 900 000	-10 407 000	1 493 000 ●
SUM FOR BU- OG REHABILITERINGSTENESTENE	32 069 499	34 001 773	1 932 274 ●
<b>SUM FOR HELSE OG OMSORG</b>	<b>167 895 540</b>	<b>173 123 072</b>	<b>5 227 532 ●</b>

EININGAR OG ANSVAR	R 2017	KB 2017	AVVIK
<b>KULTUR</b>			
KULTURADMINISTRASJON	1 167 371	1 075 076	-92 295 ●
MUSIKKLEIAR	488 908	544 603	55 695 ●
KULTURVERN	20 000	20 000	0 ●
KULTURMINNE	17 869	16 000	-1 869 ●
SYKKYLVEN SOGENEMND	0	0	0
ADM KOMMUNALE ANLEGG	295	799	504 ●
SYKKYLVEN NATURHISTORISKE MUSEUM	455 974	505 387	49 413 ●
SYKKYLVEN SYMJEHALL	214 428	163 169	-51 259 ●
VELLEDALEN SYMJEHALL	444 544	349 976	-94 568 ●
STORHALLEN	1 239 740	909 837	-329 903 ●
TRENINGSBANE	43 588	45 000	1 412 ●
KUNSTGRASBANE	757 584	832 344	74 760 ●
VELLEDALEN GRENDAAUS KOMM DEL	115 645	131 080	15 435 ●
SYKKYLVEN KULTURHUS	239 650	212 682	-26 968 ●
PRIVATE ANLEGG	20 000	18 000	-2 000 ●
NORSK MØBELFAGLEG SENTER	330 000	330 000	0 ●
PRIVATE KULTURBYGG	282 000	282 000	0 ●
KULTURFORMIDLING	2 033	1 410	-623 ●
KUNSTFORMIDLING	0	28 000	28 000 ●
IDRETT OG FRILUFTSLIV	1 264 537	1 259 411	-5 126 ●
BARNE- OG UNGDOMSTILTAK	212 660	235 762	23 102 ●
TILSKOT KULTURAKTIVITETAR	18 103	20 000	1 897 ●
SYKKYLVEN KINO	322 994	332 618	9 624 ●
SYKKYLVEN FOLKEBIBLIOTEK	1 495 435	1 436 078	-59 357 ●
SYKKYLVEN KULTURSKULE	2 334 517	2 258 760	-75 757 ●

EININGAR OG ANSVAR	R 2017	KB 2017	AVVIK
<b>NÆRING OG TEKNISKE TENESTER</b>			
DRIFTSTILSKOT SYKKYLVEN NÆRINGSUTVIKLING AS	750 000	827 000	77 000 ●
NÆRINGSTILTAK (NÆRINGSFOND)	0	-150 000	-150 000 ●
ANDRE NÆRINGSFØREMÅL	229 209	200 000	-29 209 ●
KONSEJONSAVGIFTER/KONSEJONSKRAFT	-388 569	-210 000	178 569 ●
VETERINÆRTENESTER	216 084	200 000	-16 084 ●
<b>SUM FOR NÆRING</b>	<b>806 724</b>	<b>867 000</b>	<b>60 276 ●</b>
FELLESADM TEKNISK	2 683 295	2 416 136	-267 159 ●
BYGGESAKER/-KONTROLL	237 741	311 545	73 804 ●
OPPMÅLING	657 630	598 625	-59 005 ●
MILJØVERN	505 982	570 948	64 966 ●
FISKE JAKT OG VILTSTELL	0	-668	-668 ●
LANDBRUKSFORVALTNING	1 261 301	1 258 096	-3 205 ●
VAR-OMRÅDA	-1 530 327	-1 532 200	-1 873 ●
FØREBYGGANDE ARBEID	10 950	77 000	66 050 ●
BRANN- OG REDNINGSKORPSET	5 931 029	5 712 397	-218 632 ●
FEIING	55 249	126 249	71 000 ●
ADM BYGNINGAR	920 499	1 112 781	192 282 ●
BYGNINGAR	31 242 622	31 094 773	-147 849 ●
BUSTADOMRÅDE (FESTEAVGIFTER)	7 244	0	-7 244 ●
KOMMUNALE VEGAR	9 669 991	8 896 424	-773 567 ●
FLAUMSIKRING	0	10 000	10 000 ●
VEGLYS	730 259	1 000 000	269 741 ●
PARKAR OG GRØNTANLEGG	374 609	460 155	85 546 ●
<b>SUM FOR TEKNISK</b>	<b>52 758 074</b>	<b>52 112 261</b>	<b>-645 813 ●</b>
<b>SUM FOR NÆRING OG TEKNISK</b>	<b>53 564 798</b>	<b>52 979 261</b>	<b>-585 537 ●</b>

EININGAR OG ANSVAR	R 2017	KB 2017	AVVIK
<b>SENTRALE STYRINGSORGAN</b>			
KOMMUNELEIINGA	4 825 189	4 530 806	-294 383 ●
ANDRE FELLESUTGIFTER KOMMUNELEIINGA	2 706 630	1 690 400	-1 016 230 ●
RÅDGJEVARAR	1 660 680	1 983 621	322 941 ●
ØKONOMI	3 105 354	3 215 248	109 894 ●
BEDREDSKAP/OMSORGSBEREDSKAP	400 848	357 000	-43 848 ●
SENTRALE OPPLÆRINGSMIDLAR	9 431	141 100	131 669 ●
KOMPETANSEUTV.MIDLAR HELSE	-105 462	0	105 462 ●
KOMPETANSEUTV.MIDLAR UNDERVISNING	107 640	280 200	172 560 ●
TILFELDIGE UTGIFTER OG INNTEKTER	-62 381	0	62 381 ●
PROSJEKTSTILLINGAR	0	252 432	252 432 ●
<b>SUM FOR KOMMUNELEIINGA</b>	<b>12 647 929</b>	<b>12 450 807</b>	<b>-197 122 ●</b>
FELLESTENESTENE	9 196 884	8 504 957	-691 927 ●
LÆRLINGEORDNINGA	996 195	1 755 081	758 886 ●
ANNONSERING	329 686	281 000	-48 686 ●
TELEFONITENSTER	537 426	602 625	65 199 ●
IKT	5 377 821	5 749 292	371 471 ●
ANDRE FELLESUTGIFTER	1 675 933	1 476 236	-199 697 ●
HMS	98 302	180 000	81 699 ●
IKKJE AVKLARA STILLING	61	0	-61 ●
<b>SUM FOR FELLESTENESTENE</b>	<b>18 212 308</b>	<b>18 549 191</b>	<b>336 884 ●</b>
<b>SUM FOR SENTRALE STYRINGSORGAN</b>	<b>30 860 237</b>	<b>30 999 998</b>	<b>139 762 ●</b>

EININGAR OG ANSVAR	R 2017	KB 2017	AVVIK
<b>POLITISK STYRING</b>			
POLITISK STYRING	3 797 853	4 165 349	367 496 ●
ELDRERÅDET	6 883	35 957	29 074 ●
KOMMUNEREVISJONEN	745 000	547 000	-198 000 ●
KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET	202 086	202 078	-8 ●
STØTTE TIL POLITISKE PARTI	95 000	95 000	0 ●
VALSTYRET	224 272	249 306	25 034 ●
KOMMUNEREFORMA	0	0	0 ●
SYKKYLVEN KYRKJELEGE FELLESRÅD	4 112 800	3 933 000	-179 800 ●
TILSKOT TIL TRUDOMSSAMFUNN	231 994	150 000	-81 994 ●
<b>SUM FOR POLITISK STYRING</b>	<b>9 415 888</b>	<b>9 377 690</b>	<b>-38 198 ●</b>

## EININGAR OG ANSVAR

R 2017

KB 2017

AVVIK

## FINANSIERING

SKATT PÅ FORMUE OG INNTEKT	-182 001 755	-180 972 000	1 029 755	●
EIGEDOMSSKATT	-5 218 233	-5 145 274	72 959	●
RAMMETILSKOT	-227 955 329	-222 497 000	5 458 329	●
GEN TILSKOT FLYKTNINGAR	-13 540 120	-13 725 900	-185 780	●
KOMPENSASJON OMSORGBUSTADER	-627 121	-675 000	-47 879	●
KOMPENSASJON BUAS	-1 597 690	-1 738 000	-140 310	●
KOMPENSASJON REFORM 97	-245 143	-122 500	122 643	●
KOMPENSASJON SKULEBYGNINGAR	-390 430	-603 000	-212 570	●
RESERVE TE LØYVINGAR KOMMUNESTYRET	50 000	50 000	0	●
PREMIEAVVIK, BRUK AV PREMIEFOND	-1 657 926	-3 154 890	-1 496 964	●
RENTER OG AVDRAG EIGNE LÅN	26 987 536	26 761 000	-226 536	●
STARTLÅN (RENTER, GEBYR, ADMNISTRASJONSKOSTNADER)	103 695	100 000	-3 695	●
ORDINÆRE RENTER OG GEBYR	-558 223	217 000	775 223	●
UTBYTTE FRÅ SELSKAP	-11 011 625	-11 000 000	11 625	●
DISPOSISJONSFOND	15 553 173	15 553 173	0	●
ÅRETS RESULTAT	10 755 640	0	-10 755 640	●
TIDLEGARE ÅRS RESULTAT	-19 094 792	-19 094 792	0	●
ORDINÆRE AVSKRIVINGAR	-19 435 101	-20 387 172	-952 071	●
<b>SUM FOR FINANSIERING</b>	<b>-429 883 444</b>	<b>-436 434 355</b>	<b>-6 550 911</b>	●
<b>SUM TOTALT</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	

Sykkylven 31. desember 2017/13. mars 2018

May-Helen Molvær Grimstad  
rådmann

Arild Bergström  
økonomisjef